
Fra: Astri Tvedt <astri.tvedt@gmail.com>
Sendt: onsdag 20. juni 2018 11:29
Til: Postmottak Meland
Kopi: Astri Tvedt
Emne: Kommunale avgifter for vatn og avløp

Kategorier: Grønn kategori

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen

Viser til brev frå deg datert 13.06.2018. Det kan ut frå dette brevet høyrast ut som at Meland kommune no nyleg er gjort kjend med at min eigedom gbnr. 23/395 er tilkopa det kommunale vass- og avløpsanlegget?

Eg stiller meg svært spørjande til dette, ettersom eg har gått ut frå at teknisk avdeling har hatt teikningar av vass- og avløpsnettet i Frekhaug Senter, og at desse har vore nytta som grunnlag for utsending av vass- og avløpsavgift.

Hadde eg motteke faktura frå Meland kommune vedr. vass- og avløpsavgift, så hadde eg sjølvsgt betalt dette!

Eg ynskjer å bidra med min del, og ynskjer å få tilsendt faktura vedr. vass- og avløpsavgift etter same retningsliner som er gjeldande for dei andre næringseigedomane i Frekhaug Senter. Fint om faktura vedr. vass- og avløpsavgift vert sendt til meg som eigar av eigedomen.

Venleg helsing

Astri H. Tvedt

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10